



## Innkalling av Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 24.08.2021  
**Møtestad:** Brannstasjonen på Mo  
**Møtetid:** 09:00 - 12:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
001/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2021	Godkjenning av møteprotokoll
003/2021	Orienteringssaker
004/2021	Søknad om støtte til utforming av mulighetsstudie for datasenter.

18. august 2021

Kjetil Eikefet  
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/213

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2021	Næringsfondsstyret	PS	24.08.2021

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/213

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2021	Næringsfondsstyret	PS	24.08.2021

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 22.10.2020

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/213

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2021	Næringsfondsstyret	PS	24.08.2021

### Orienteringssaker

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-223, FA-U01	21/187

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2021	Næringsfondsstyret	PS	24.08.2021

## Søknad om støtte til utforming av mulighetsstudie for datasenter.

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 180 000,- frå næringsfondet til Modalen Kraftlag til gjennomføring av moglegheitsstudie for datasenteretablering i Modalen. Stønaden skal nyttast i tråd med søknad d. 30.06.21. Prosjekteigar er Modalen Kraftlag, medan Invest in Bergen er prosjektleiar.

### Saksopplysningar:

Invest in Bergen som prosjektleiar søkjer på vegne av prosjekteigar Modalen kraftlag om stønad til å gjennomføre ein moglegheitsstudie av for datasenteretablering i Modalen. Føremålet med studien er å utarbeide forståingsgrunnlag for etablering av kraftintensiv industri (datasenter) i Modalen, med tilhøyrande forståing av forretningsmoglegheiter knytt til infrastrukturutvikling for kraftintensiv industri.

### Bakgrunn

Kommunestyret i Modalen vedtok 18.02.21 *Datasenterstrategi – Modalen kommune*. Denne byggjer på regional datasenterstrategi, og har følgjande føremål:

- *Modalen kommune ynskjer å vere ein føregongskommune ved å leggje til rette for datasenteretablering som ein del av ei berekraftig næringsssatsing framover. Dette skal føre til fleire arbeidsplassar, auka busetnad og auka verdiskaping.*
- *Datasenterstrategien vil synleggjere kva kommunen ynskjer å få til, og korleis dette skal gjerast.*
- *Strategien vil peike på moglege utfordringar og moglegheiter som må vurderast og handsamast undervegs mot ei eller fleire datasenteretableringar.*

I søknaden er det i prosjektskildringa vist til følgjande føremål:

- *Utarbeide forståelse av grunnlag for etablering av kraftintensiv industri (datasenter primært) i Modalen, med tilhørende forståelse av forretningsmuligheter knyttet til infrastrukturutvikling for kraftintensiv industri.*

### **Vurdering**

Ein mogleighetsstudie vil vere eit godt første steg på vegen mot å gjennomføre strategien som kommunestyret vedtok i februar 2021. Føremålet i kommunen sin strategi og føremålet i prosjektsøknaden er i høg grad samanfallande. Ein må starte med å undersøkje grunnlaget for mogleg etablering.

Det er Modalen Kraftlag som er formell søkjar til prosjektet. Det vil vere i tråd med næringsfondet sine vedtekter §2:

*Det er ein føresetnad at søkjar (person/verksemd) har bustadadresse og/eller kontoradresse i Modalen, og at aktivitet og/eller sysselsetjing finn stad i Modalen kommune.*

I vedtektene for næringsfondet står det vidare at *sentrale kriteriar i vurderinga er grad av sysselsetjings- og busetnadseffekt, og tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemder.* Dette ligg til grunn i kommunen sin datasenterstrategi, og er omtala der. Søknaden er såleis i tråd med kriteriane.

I strategisk næringsplan (SNP) står det m.a:

- *Det overordna målet er å stimulere til aktivitet og vekst innanfor næringslivet i Modalen. Det inneber at det må veljast retningar, prioriterast område og ta grep for at dette skal kunne skje.*

Val er gjort ved at kommunestyret har vedteke strategidokument for å etablere datasenter.

- *På fleire område i planen er berekraftig utvikling eit viktig omgrep. Modalen tek i vesentleg grad utgangspunkt i naturressursane sine. Det set særlege krav til at me forvaltar desse verdiane godt for dei som kjem etter oss. Me vil difor stimulere til vekst og utvikling innanfor ei grøn line.*
- *Planen er oppteken av å byggje vidare på tradisjonelle næringar som landbruk, reiseliv og IKT, samt næringar som tek utgangspunkt i naturressursane Modalen har tilgjengelege.*

Ei sentral verksemd innan energiproduksjon/vasskraft i Modalen vil undersøkje moglegheiter for vekst og utvikling innan berekraftig utvikling av naturressursane kommune har.

- *Likevel er det viktig kompetanse innanfor vasskraft/energi, IKT, sand/betong m.m. Ved å spele på lag vil me kunne lage konstallasjonar kor me finn god nytte av å sjå til kvarandre, tenkje utvikling over år og saman investere i framtida.*

Modalen kraftlag har saman med Invest in Bergen etablert eit kompetansesamarbeid kor også Modalen kommune får ei tilretteleggjarrolle gjennom datasenterstrategi og finansieringsstønad. Dette samarbeidet kan i neste omgong føre til at fleire aktørar både i og utanfor Modalen kan få ei rolle dersom moglegheitsstudien skulle peike på at førestetnadane er til stades for vidare satsing.

I vurderinga av kor stor stønad næringsfondet evt. skal løyve viser rådmannen til kategori 3 i SNP: *Samla stønad inntil 50 %. Dette inneber høg grad av sysselsetjingseffekt, busetnadseffekt og tiltak som i høg grad kan føre til nyskaping/vidareutvikling av verksemdar.*

Rådmannen si vurdering er at det er satt i gong ein prosess som kan føre til ei betydeleg næringsutvikling dersom ein legg til grunn at studien peikar veg vidare. Det vil vere i tråd med det datasenterstrategien peiker på av moglegheiter for øvrig næringsliv i kommunen. Det er likevel ikkje studien si hovudoppgåve å belyse desse forholda på noverande tidspunkt – det vil evt. komme i fortsetjinga, men følgjande forhold er trukke fram i prosjektskildringa:

*Beskrive ulike forretningsmodellar for et nyetablert infrastrukturselskap i Modalen (IFS Modalen) knyttet til utvikling og drift av total infrastruktur med tilhørende tjenester for ny kraftkrevende industri, fortrinnsvis datasenter.*

*Beskrive økonomimodell/ risikobekrivelse for IFS Modalen knyttet til de ulike forretningsmodellene.*

*Beskrive de ulike roller Modalen Kraftlag kan ha ift IFS Modalen (newco).*

*Vurdere synergier med øvrig virksomhet i Modalen for de ulike mulighetene.*

*Hva vil de ulike mulighetene (forretningsmodellar for kraft koblet med ulike typer kraftkrevende industri) kreve?*

*o Investeringer*

*o Areal/tillatelser*

*o Kompetanse/arbeidskraft*

*o Partnerskap/samarbeid*

*Anbefaling for videre arbeid*

*Overordnet gjennomføringsplan*

Rådmannen viser til at prosjektet vert knytt til fokusområda IKT, Naturressursar, Gründar/etablering/entreprenør/Innovasjon, Kompetanse og samarbeid, samt Omdøme i SNP. Det syner ei brei forankring.

## **Økonomi**

Samla kostnadar for prosjektet er rekna til kr. 360 000,-, kor det vert søkt om stønad på kr. 180 000,- (50 %) frå næringsfondet. Øvrige 180 000,- vert finansiert ved at Invest in Bergen løyver kr. 50 000,-, samt at eigeninnsats frå Invest in Bergen og Modalen Kraftlag utgjer kr. 130 000,-.

Rådmannen si vurdering er at det føremålstenleg å sikre grunnlag for satsingar gjennom forstudiar og forprosjekt. I søknaden er det vist til at det vert nytta erfaren bransjeaktør; Aabø Power Consulting til utarbeiding av studien.

## **Konklusjon**

Rådmannen rår til at Modalen kommune løyver kr. 180 000,- frå næringsfondet til Modalen Kraftlag til gjennomføring av moglegheitsstudie for datasenteretablering i Modalen. Stønaden skal nyttast i tråd med søknad d. 30.06.21. Prosjekteigar er Modalen Kraftlag, medan Invest in Bergen er prosjektleiar.

## **Vedlegg:**

Datasenterstrategi - Modalen kommune, vedteke i kommunestyret 18.02.21, sak 006-2021

Prosjektbeskrivelse mulighetsstudie Modalen - forankret med Modalen Kommune og Modalen KL

Søknad om støtte til utforming av mulighetsstudie for datasenteretablering i Modalen

Næringsfondsvedtekter - vedteke i KS 21.09.17

Strategisk næringsplan 2017 - 2021, vedteken i KS sak 045-2017

Regional datasenterstrategi 2020